
Saknr: 2020/37601-1
Saksbehandlar: Johan Julius Meyer

Saksgang

| Utval | Utv.saknr. | Møtedato |
|---------------|------------|------------|
| Fylkesutvalet | | 14.02.2020 |

Reglement for bruk av fylkeskommunale midlar til kjøp og servering av alkoholhaldig drikke**Forslag til vedtak**

1 Reglement for bruk av fylkeskommunale midlar til kjøp og servering av alkoholhaldig drikke vert gjeldande for Vestland fylkeskommune.

Samandrag

Det har kome fleire spørsmål om høve til å bruke fylkeskommunale midlar til å kjøpe og servere alkoholhaldig drikke ved arrangement og samlingar der fylkeskommunen eller einingar i fylkeskommunen er arrangør. Fylkesrådmannen innstiller på at det ikkje vil vere høve til bruk av alkoholhaldig drikke unnateke heilt særskilte anledningar etter fylkesordføraren sitt skjøn og godkjenning.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør organisasjon og
økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det har kome fleire spørsmål om høve til å bruke fylkeskommunale midlar til å kjøpe og servere alkoholhaldig drikke ved arrangement og samlingar der fylkeskommunen eller einingar i fylkeskommunen er arrangør.

Dei to tidlegare fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane har hatt regelverk der det har vore noko høve for leiarar til å nytte fylkeskommunale midlar til kjøp og servering av alkoholhaldig drikke.

Erfaringar viser at slike fullmakter ofte setter den med fullmakta i vanskelege situasjonar. Fylkesrådmannen vil difor i innstillinga her gå vekk frå slike ordningar, slik at normalordninga heretter vil vere at dei som ønskjer alkoholhaldig drikke servert til måltid ved fylkeskommunale arrangement må betale dette sjølv.

Det bør vere eit unntak frå slike ordningar, og fylkesrådmannen innstiller på at det vil vere høve til servering av alkoholhaldig drikke ved heilt særskilte arrangement etter fylkesordføraren sitt skjøn og godkjenning.

Saka har vore til drøfting i møte med dei tillitsvalde i partssamansett utval 16. oktober 2019.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse i saka

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Reglement for bruk av fylkeskommunale midlar til kjøp og servering av alkoholhaldig drikke vert gjeldande for Vestland fylkeskommune